

Arkiv: <arkivID><jplD> FA-
U62
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 02.11.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
034/21	Utval for helse og omsorg	09.11.2021
101/21	Alver formannskap	11.11.2021
	Alver kommunestyre	

Søknad om å etablere vinmonopol på Lindås

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Alver kommune sender ein førespurnad til AS Vinmonopolet om etablering av vinmonopol på Lindås.

Utval for helse og omsorg 09.11.2021:

Handsaming:

Utval for helse og omsorg sluttar seg samrøystes til rådmannen sitt framlegg til vedtak.

HO- 034/21 Vedtak:

Utval for helse og omsorg kjem med følgjande uttale:

Alver kommune sender ein førespurnad til AS Vinmonopolet om etablering av vinmonopol på Lindås.

Alver formannskap 11.11.2021:

Handsaming:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FO- 101/21 Vedtak:

Alver kommune sender ein førespurnad til AS Vinmonopolet om etablering av vinmonopol på Lindås.

Politisk handsaming

Saka skal til uttale i utval for helse og omsorg 09.11.21

Saka skal til innstilling i formannskapet 11.11.21

Saka skal avgjerast i kommunestyret 25.11.21

Bakgrunn

Lindås Senterbygg AS har sendt ein førespurnad om kommunen kan bidra i arbeidet med å etablere eit vinmonopol på Lindås. Det er kommunen som i første omgang må sende ein formell førespurnad til Vinmonopolet om etablering av nye vinmonopol. Denne saka skal avgjere om kommunen skal sende ein slik førespurnad eller ikkje.

Saksopplysningar:

Vinmonopolet vil ved utgangen av 2021 ha om lag 240 butikkar i landet, og Alver kommune har to av desse utsala, i Knarvik og på Manger. Lindås Senterbygg AS har sendt ein førespurnad til kommunen om å etablere

vinmonopol på Lindås. Dei fortel at det er stor etterspurnad frå lokalbefolkning og at dei ønskjer å samarbeide med kommunen om ei slik etablering.

Vinmonopolet har etablert egne prosedyrer for opning av nye vinmonopol. Prosessen startar i kommunen, som først gjer eit politisk vedtak om kommunen ønskjer å søkje om nye polutsal. Ved positivt vedtak sender kommunen ein førespurnad til Vinmonopolet. Når Vinmonopolet mottar førespurnad blir kommunen aktiv og Vinmonopolet gjennomfører ei djupare analyse av kommunen. Analysa vurderer ulike forhold som kan påverke venta sal i kommunen. Det er venta sal som avgjer om det er grunnlag for etablering, og kva butikk-kategori som er aktuell. Analysa baserer seg på fem nøkkelfaktorar:

- Kjøpekraft
- Busetting
- Avstand til næraste vinmonopol
- Tettstad/handlesentrum
- Ad hoc-faktorar (Turisme, hytter, nærleik til hovudfartsåre, grensehandel, ferjetrafikk m.m)

Alle aktive kommunar er med i Vinmonopolet si årlege vurdering av nye butikkar. Styret i Vinmonopolet vedtar kvar haust nye butikketableringar for neste år. Etter styrevedtaket søkjer Vinmonopolet om salsløyve i kommunen. Vinmonopolet søkjer etter eigna lokale for utsal, det blir annonsert gjennom lokal presse. Vinmonopolet legg vekt på at lokale er i nærleiken av anna handel, gode parkeringsforhold, alt på eitt plan og løysing for varelevering. Det er til slutt kommunen som godkjenner lokale som Vinmonopolet har valt ut. I dei fleste tilfelle opnar butikkane frå 6 – 12 månader etter at vedtak om butikketablering er fatta.

Vurdering:

Lindås er definert som eit lokalsenter i Alver kommune, og er særleg viktig for dei som bur i den nordre delen av kommunen. I mogleighetsstudien for lokal- og nærsenter, gjennomført våren 2021, er eit lokalsenter definert som eit senter med ulike funksjonar, handel og tenester, idrett- og kulturtilbod som er dimensjonert for eit større lokalområde i kommunen. Eit lokalsenter kan innehalde meir enn 3000 m2 bruksareal for detaljhandel og har fleire funksjonar enn eit nærsenter.

For å bygge opp eit attraktivt senter, er det viktig å ha eit breitt tilbod for dei som bur i og rundt senteret. Senteret på Lindås er i ein utviklingsprosess og har kommunisert tydeleg at dei ønskjer å få på plass ulike tilbod, slik at senteret og området blir meir attraktivt. I september 2021 blei det etablert apotek på Lindås, eit tilbod som lenge har vore etterlengta.

Vinmonopolet sitt samfunnsoppdrag er å sikre ansvarleg sal av alkohol, og gjennom denne rolla skal dei aktivt jobbe for å avgrense skadeverknader av alkohol. Alver har i dag vinmonopol i Knarvik og på Manger. Lindås senter ligg i ein annan del av kommunen og det kan derfor vere naturleg å plassere eit vinmonopol i dette området. Eit vinmonopol kan vere med på å løfte attraktiviteten, ettersom det blir eit breiare tilbod til innbyggjarane som bur i denne delen av kommunen. I tillegg kan eit vinmonopol vere med på å byggje opp under Lindås si rolle som eit lokalsenter for eit større område i kommunen. Om det er aktuelt å plassere eit vinmonopol på Lindås, vil kome fram av Vinmonopolet si eiga analyse av kommunen.

Rådmannen rår til at Alver kommune sender ein førespurnad til Vinmonopolet om etablering av vinmonopol på Lindås.

Vedlegg i saken:

02.11.2021 Vedlegg_Lindås Senterbygg AS

1634826